



DET KONGELEGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

200800180-35
KSK/KIMA
312

Kluge Advokatfirma DA
Adv. Torgils Bryn og Steinulf Tungesvik
Postboks 394 Sentrum
5805 BERGEN

KOPI

Dykkar ref

Vår ref
11/781

Dato
10 MAR 2015

Palmafossen kraftverk i Voss kommune i Hordaland fylke - klage på NVE sitt vedtak

I brev datert 12. januar 2011 klagar Voss Energi AS v/ Kluge Advokatfirma DA på Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sitt avslag av 17.12.2010 på søknad om løyve til opprusting og utviding av Palmafossen kraftverk.

NVE har vurdert klaga i brev til departementet av 12.05.2011, og har ikkje funne grunnlag for å gjere om vedtaket sitt.

1. Bakgrunn

I søknad av 25.09.2009 søkte Voss Energi AS om løyve til å ruste opp og utvide Palmafossen kraftverk i Raundalselva i Voss kommune. Raundalselva er ei av hovudgreinene i Vossovassdraget som blei verna i Verneplan III for vassdrag i 1986. Vossovassdraget har og status som nasjonalt laksevassdrag.

Det nye kraftverket vil nytte noverande fall på 14 m mellom kote 79 og 65. Det er søkt om å auke maksimal slukeevne frå 3 m³/s til 30 m³/s, og installert effekt frå 0,31 MW til 3,6 MW. Det er lagt opp til slepp av minstevassføring på 10 m³/s i mai, og 2 m³/s resten av året. Produksjonen er antatt å auke frå 1,8 GWh til 16,3 GWh per år.

NVE avslo søknaden ved vedtak av 17.12.2010. NVE legger særleg vekt på at ein auke av slukeevne frå 3 m³/s til 30 m³/s vil ha verknader for laks i eit slikt omfang at tiltaket er i strid med vassdragsvernet og verneregimet for nasjonale laksevassdrag.

2. Kлага

I brev datert 12.01.2011 klagar Voss Energi AS v/Kluge Advokatfirma DA på NVE sitt avslag.

Klager meiner at NVE sitt vedtak byggjer på feil faktum, skjønns manglar og sakshand-samingsfeil.

Etter avtale med Olje- og energidepartementet (OED) sendte Voss Energi AS ein revidert plan med nye avbøtande tiltak for laks, samt ei vurdering av verknadene av å redusere maksimal slukeevne frå 30 m³/s ned mot 20 m³/s. I den reviderte planen blei det mellom anna lagt opp til å bruke såkalla "fish fence-teknologi" og strobelys for å hindre at fisk gjekk tapt i turbinen. Den reviderte planen blei sendt til OED i brev av 14.02.2014, og deretter sendt vidare til NVE for ei vurdering. I brev av 25.02.2014 svarer NVE at dei framleis meiner tiltaket vil verke negativt for laks i eit nasjonalt laksevassdrag. NVE meiner mellom anna at ei slukeevne ned mot 20 m³/s ikkje vil hindre at smolt blir drege inn i inntaket, og at fisk kan klemmast i hel mot finrista framfor turbininntaket. NVE peikar på at eit verna vassdrag og nasjonalt laksevassdrag ikkje er eit egna sted til å teste ut avbøtande tiltak med usikre verknader.

3. Revidert prosjekt

OED synfór tiltaksområdet saman med Klima- og miljødepartementet den 23.04.2014. På synfaringa deltok representantar frå Voss Energi AS, NINA (Norsk institutt for naturforskning), Sintef, Voss kommune, Hordaland fylkeskommune, Palmafossen skole, Fylkesmannen i Hordaland, Fagråd for anadrom laksefisk i Vossavassdraget, Miljødirektoratet og privatpersonar. På synfaringa la representantar frå Sintef og NINA, på oppdrag frå Voss Energi AS, fram eit ytterlegare revidert prosjekt. Det reviderte prosjektet inneber følgjande løysingar for opp- og nedvandring av fisk:

- skråstilt varegrind med 15 mm lysopning framfor inntak
- tilpasse areal på varegrind for å unngå vasshastigheit over 50 cm/s mot rista
- luker/passasjer for nedvandring ved og rundt inntak
- flaumluke i midtseksjonen av dammen
- sprengje/jamne ut berg i fossen for å redusere faren for slagskadar ved nedvandring
- kalibrere vassføringa i foss og laksetrapp for at fisk skal finne laksetrappa
- optimalisere konstruksjon av laksetrapp
- varegrind framfor kraftverksutlaup

Sintef og NINA utarbeidde ein rapport (rapport TR A7396), heretter "Sintef-rapporten", med nærare forklaring av løysingane. Med utgangspunkt i rapporten sende Voss Energi AS ein revidert søknad til OED i brev av 07.05.2014. Søknaden og Sintef-rapporten har vore på høyring.

Voss kommune er positiv til ei utbygging med dei avbøtande tiltaka som er presentert i Sintef-rapporten. Voss kommune meiner prosjektet vil kunne betre tilhøva for anadrom fisk, men at det bør monterast eit overvakingskamera for å følgje med på verknadene av den nye

laksetrappa. **Fagråd for anadrom laksefisk i Vossavassdraget** er positive til dei nye planane, men vil at det stillast krav om at Voss Energi har ansvar for vedlikehald og justeringar som kan vise seg å vere nødvendige etter ei tids drift av laksetrappa.

Miljødirektoratet meiner det må stillast krav om 10 mm lysopning på inntaksrist, og at vasshastigheit over rista må vere under 50 cm/s, kanskje ned mot 40 cm/s. Miljødirektoratet meiner og det må gjennomførast overvaking av opp- og nedvandring av fisk, samt at behovet for omløpsventil bør gjerast greie for før det eventuelt blir gitt løyve. Dersom tiltaket utover dette gjennomførast i tråd med Sintef-rapporten og i nært samarbeid med kvalifisert fagmiljø, vurderar Miljødirektoratet at prosjektet vil kunne bidra positivt til produksjon av laks, sjøaure og ål i vassdraget. **Fylkesmannen i Hordaland** (FM) meiner at opprusting av kraftverket i tråd med Sintef-rapporten og på Miljødirektoratet sine vilkår ikkje vil vere strid med verneregimet for nasjonale laksevassdrag. FM meiner saka burde vore betre opplyst når det gjeld arealinngrep, vassføringsregime og verknader for andre verneverdiar og allmenne interesser. FM peikar på at anleggsarbeidet vil krevje løyve etter forureiningslova.

3. Departementet sine merknader

Jf. vassressurslova § 35 punkt 6, kan opprusting og utviding av eit kraftverk i eit verna vassdrag berre tillast dersom miljøforholda i vassdraget etter ei samla vurdering vil vere like gunstige som før ombygginga. Det skal i denne vurderinga leggjast vesentleg vekt på omsynet til verneverdiane, jf. vassressurslova § 35 punkt 8.

Det er og strengje reglar for kva som kan tillast av inngrep i nasjonale laksevassdrag. I St.prp. Nr. 32. (2006-2007), *Om vern av villaksen og ferdigstilling av nasjonale laksevassdrag og laksefjorder*, heiter det at *”Tiltaket kan ikke gjennomføres når det fører til endring av naturlig vannføring, vanntemperatur, vannkvalitet eller vandringsforhold på lakseførende strekning som er av nevneverdig betydning for laksen”*.

Eit løyve krev og at *”fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private”* interesser, jf. vassressurslova § 25 fyrste ledd. Dette blir vurdert konkret for kvart enkelt prosjekt. Departementet vil drøfte dei merknadene frå klaga som er naudsynt for å grunnkje avgjerda. Departementet kan og ta omsyn til andre tilhøve som ikkje er tatt opp i klaga.

Fisk

I den opphavlege søknaden sin rapport og tilleggsrapport om verknader for biologisk mangfald, av høvesvis Multiconsult AS (januar 2009) og Rådgivende Biologer AS (januar 2011), vurderast det at tiltaket samla sett vil ha små konsekvensar for fisk. NVE, FM og Miljødirektoratet er negative til ei utbygging etter den opphavlege søknaden, og legg særleg vekt på at tiltaket vil ha negative verknader for laks i eit nasjonalt laksevassdrag.

Departementet sluttar seg til NVE, FM og Miljødirektoratet sine vurderingar av den opphavlege søknaden, slik det går fram av NVE sitt KI-notat nr.: 105/2010 – Bakgrunn for vedtak. Departementet sluttar seg og til NVE sine vurderingar av Voss Energi AS sin reviderte plan av 14.02.2014, slik det går fram av NVE sitt brev til departementet av 25.02.2014. Departementet vil i det vidare vurdere Voss Energi AS sin reviderte søknad av 07.05.2014, som er basert på Sintef-rapporten.

Nedvandring

Eit hovudankepunkt mot ei utbygging etter den opphavlege søknaden er at smolt vil gå tapt i turbinen som følgje av stor maksimal slukeevne. I Sintef-rapporten er det planlagd å plassere ei varegrind med 15 mm lysopning framfor inntaket, som i følgje rapporten skal hindre all fisk frå å gå i turbinen. Varegrinda skal etter planen skråstillast mot vasstraumen, og arealet på varegrinda skal tilpassas slik at ein unngår ei vasshastigheit over 50 cm/s mot grinda. Fisk vil på denne måten leias til nærliggande nedvandringssluker utan å gå inn i inntak og utan å bli klemt fast i grinda. Det er planlagd nedvandringssluker oppe (for laks og sjøaure) og nede (for ål) i rammeverket på inntaket, samt ei minst 30 cm djup luke for slepp av overflatevatn rett på sørsida av inntaket. Fisk som passerer gjennom lukene skal samlast i eit røyrsystem som leier til nedsida av dammen. Nedvandring via røyrsystemet kan i følgje rapporten overvakast. Det er planlagd å sprengje/jamne ut berg i fossen for å redusere faren for slagskadar for nedvandrande fisk. Det er og planlagd ei flaumluke for slepp av overflatevatn i midtseksjonen av demninga. Dei aller fleste smolt og støingar vil i følgje rapporten passere over flaumluka i periodar med flaum.

I følgje Miljødirektoratet er vinklinga av varegrinda mot vasstraumen avgjerande for varegrinda si evne til å sperre ute mindre smolt frå inntaket. Miljødirektoratet peikar på at rapporten sine forslag til lysopning og vasshastigheit er basert på at smolten i vassdraget er mellom 15 cm og 20 cm lang. Både FM og Miljødirektoratet peikar på at smolten i Raundalselva i snitt vil vere kortare enn 15 cm, dei minste ned mot 10 cm. For å unngå at mindre smolt skal hamne i turbinen dersom ein ikkje lukkast med vinklinga på varegrinda, meiner Miljødirektoratet at lysopninga i varegrinda ikkje bør overstige 10 mm. Miljødirektoratet meiner og det av omsyn til symjeevna til mindre smolt bør stillast krav om at vasshastigheita framfor inntaket må vere under 50 cm/s, og kanskje ned mot 40 cm/s.

Departementet meiner Miljødirektoratet sine vurderingar må tilleggjast stor vekt. Departementet vil og peike på at mindre lysopning og lågare vasshastigheit vil redusere faren for at ål går tapt i turbinen, jf. NVE sin rapport "Ål og konsekvenser av vannkraftutbygging" (2010).

Under føresetnad om lysopning på 10 mm, vasshastigheit under 50 cm/s, og slepp av nok minstevassføring, vurderar departementet at tiltaket ikkje vil medføre nemneverdig risiko for at forholda for nedvandring blir verre etter ei eventuell opprusting og utviding av kraftverket.

Oppvandring

Det er planlagt å setje opp eit gitter framfor tunellutlaupet for å hindre oppvandrande fisk frå å symje inn i tunellen. Forholdet mellom vassføringa frå fossen og vassføringa frå tunnelutlaupet må tilpassast slik at det blir lett for fisk å finne laksetrappa. Utviding av samlaupshølen vil i følgje rapporten og vere ein fordel. Ved eit eventuelt løyve meiner departementet at dette er tiltak som må utgreiast i detaljprosjekteringa og avklarast av NVE som del av detaljplangodkjenninga.

Det skal etter planen byggjast ei ny eller delvis ny fisketrapp for laks og sjøaure i traseen til den noverande laksetrappa. Planen inneber:

- større kulpar dimensjonert for vassføring opp til 1 m³/s
- nokre ekstra store kulpar for kvile
- kombinasjon av kulpetrapp og neddykka opningar mellom kvar kulp
- maksimalt 50 cm fallhøgd mellom kvar kulp
- noverande plassering av inngang i nedre og øvre del av fisketrappa
- to til tre inngangar i fisketrappa tilpassa ulike vassføringar
- overvaking av oppvandring

Høyringspartane er positive til planen om ny laksetrapp. Fleire peikar på at oppgangen av fisk i trappa må overvakast. Miljødirektoratet meiner planen om ny laksetrapp er bra for arbeidet med å byggje opp laksestammen i Vossovassdraget, men at tiltaket kunne vore gjennomført uavhengig av det omsøkte O/U-prosjektet.

Departementet meiner ei laksetrapp i tråd med Sintef-rapporten kan verke positivt for oppvandring av fisk forbi Palmafossen kraftverk.

Vasslepp

Middelvassføringa i Raundalselva er utrekna til 34,9 m³/s. Allminneleg lågvassføring er utrekna til 2 m³/s. 5-persentilverdiane er 3,4 m³/s vinter og 10,5 m³/s sommar. I følgje vassføringskurvene i søknaden vil vassføringa i eit middels år overstige 30 m³/s i midten av april, nå ein flaumtopp på om lag 100 m³/s i starten av juni, og deretter gå mot under 30 m³/s igjen i slutten av august. Elva er mest prega av lågvassføring på etterm vinteren.

Opphavleg er det søkt om maksimal slukeevne på 30 m³/s, og slepp av minstevassføring på 10 m³/s i nedvandringsperioden for smolt frå 1. mai til 15. juni, og 2 m³/s resten av året. I følgje NVE vil det da bli om lag 80, 132 og 202 dagar med vassføring større enn største slukeevne i eit høvesvis tort, middels og vått år. Tilsvarande vil det bli om lag 179, 143 og 44 dagar med vassføring mindre enn summen av minste slukeevne (6 m³/s) og planlagd minstevassføring.

Voss Energi AS står ved ønsket om å auke maksimal slukeevne til 30 m³/s, tilsvarande 86 pst av middelvassføringa. Eit argument for dette er at redusert vassføring i fossen vil gjere det enklare for fisk å finne inngangen på laksetrappa. I Sintef-rapporten er det førebels vurdert at det bør sleppast minstevassføring på mellom 5 m³/s og 15 m³/s i oppvandringsperioden om sommaren (1. juni – 31. august). Overstig minstevassføringa 15 m³/s, kan det i følgje rapporten bli vanskeleg for fisk å finne inngangen til laksetrappa på grunn av turbulens og skumming i vatnet ved fossefoten.

Departementet registrerer at elva si gjennomsnittlege vassføring i deler av oppvandringsperioden overgår summen av maksimal slukeevne på 30 m³/s og ei eventuell minstevassføring på 15 m³/s. Departementet antar derfor at det vil bli periodar der fisk vil ha problem med turbulens og skumming ved fossefoten sjølv om slukeevna blir auka til 30 m³/s.

Departementet meiner det likevel er sannsynleg at auka slukeevne, kombinert med ny og betre laksetrapp med tilstrekkeleg vassføring, vil forbetre oppvandringsforholda for fisk.

I Sintef-rapporten blir det skissert eit meir detaljert opplegg for slepp av vassføring gjennom fiskepassasjer og i laksetrapp. Av omsyn til nedvandrande smolt og vinterstøing bør det i

følgje rapporten sleppast 2 m³/s gjennom den planlagde luka for overflatetapping rett sør for inntaket heile året. Voss Energi foreslår å sleppe 1 m³/s gjennom luka i perioden 1. oktober - 1. mai, og 2 m³/s resten av året. Miljødirektoratet meiner det er viktig å følgje Sintef-rapporten si tilråding ved ein eventuell konsesjon. Departementet legg Miljødirektoratet si vurdering til grunn. Utanom dette oppfattar departementet at Voss Energi sitt opplegg for slepp av minstevassføring er i tråd med Sintef-rapporten.

Voss Energi AS legg opp til at det skal sleppast 1 m³/s gjennom lukene i rammeverket til inntaket heile året. Det blir vidare lagt opp til slepp av 1 m³/s i laksetrappa i perioden 1. mai - 1. oktober. Gjennom flaumluka i midtseksjonen av dammen legg Voss Energi opp til slepp av 4 m³/s i perioden 1. mai - 15. juni, 2 m³/s i perioden 15. juni - 1. oktober, og inga minstevassføring i perioden 1. oktober - 1. mai.

Sintef-rapporten sitt opplegg for fordeling av slepp av vassføring gjennom fiskepassasjer/luker og i fisketrapp vil etter departementet sitt syn vere akseptabelt av omsyn til opp- og nedvandrande fisk. Likevel meiner departementet at det ved eit eventuelt løyve må bli stilt krav til slepp av noko meir minstevassføring av omsyn til vassdragsvernet og fossen sin verdi som lokalt landskapselement.

Andre forhold

FM har peika på at graving i anleggsfasen kan tilføre slam, silt og sement i vatnet som kan føre til fiskedød. Departementet meiner det ved eit eventuelt løyve må bli stilt krav om at anleggsperioden skal gjennomførast så skånsamt som mogeleg, samt utførast til tider av året der det gir minst konsekvensar for fisk. Anleggsarbeidet vil krevje løyve etter forureiningslova.

Departementet meiner behovet for omløpsventil må utgreiast nærare i detaljprosjekteringa og avklarast med NVE som del av detaljplangodkjenninga.

Samla vurdering av konsekvensar for fisk

Dei avbøtande tiltaka for fisk er utarbeidd av Sintef og NINA. Nokre av tiltaka er lite utprøvde i Noreg, men synest å vere etablerte løysingar i andre land. Med stor vekt på Miljødirektoratet og FM sine fråsegn, vurderar departementet at det ikkje er nemneverdig risiko for at tiltaket vil forverre forholda for fisk og vere i strid med verneregimet for nasjonale laksevassdrag. Fisk, og spesielt Vossolaks, representerer store verdiar i vassdraget, og er svært viktig for vassdraget sin status som verna vassdrag og nasjonalt laksevassdrag. Departementet oppfattar at det blir brukt mykje ressursar på å byggje opp igjen bestanden av Vossolaks. Departementet meiner difor det må tilleggjast vekt at noko redusert vassføring i fossen kombinert med utbetring av laksetrappa kan få positive verknader for oppvandring av fisk, sjølv om dei positive verknadene er usikre.

Landskap

I vurderinga av konsekvensar for landskap legg departementet til grunn dei tekniske planane frå den opphavlege søknaden. Dei største tekniske endringane frå opphavleg søknad til revidert søknad er plan om ny laksetrapp og dam med fiskepassasjer og rett/bua overlaup

framfor labyrintoverlaup. Departementet meiner dei tekniske endringane er tilstrekkeleg godt illustrert i Sintef-rapporten.

Inntak og kraftstasjon er planlagd på nokonlunde same stad som i dag. Vassvegen vil etter planen bli om lag 80 meter lang, inkludert ein 65 meter lang kulvert med køyresterkt dekke som vil fungere som tilkomstveg til kraftstasjon. Det vil bli behov for omlag 70 meter med ny veg frå fylkesvegen til kraftstasjonen, i tillegg til areal til riggområde.

Opphavleg var dammen planlagd med labyrintoverlaup, men i det reviderte prosjektet er dammen planlagd med rett/bua overlaup. Labyrintoverlaup har flaumdempande effekt, men kan samstundes gi ei lågare vassøyle i overlaupet som verker negativt for landskap og nedvandring av fisk. Departementet meiner rett/bua overlaup samla sett vil gi mindre ulemper enn labyrintoverlaup.

Landskapet rundt tiltaksområdet er etter departementet si oppfatning tydeleg prega av inngrep. Tiltaket vil etter departementet sitt syn ikkje gi nye, store synlege tekniske inngrep. Dette er i tråd med NVE sin vurdering av den opphavlege utbyggingsplanen. Eit eventuelt løyve vil føresetje at dei tekniske inngrepa blir tilpassa landskapet.

Tiltaket vil medføre færre dagar med overlaup og redusert vassføring på eit strekke på 90 meter. Dette vil etter departementet sitt syn utgjere dei største negative verknadene for landskapet. I store deler av mai, juni og i periodar med flaum om hausten vil elva, slik departementet vurderar det, vere eit tydeleg landskapselement. Av omsyn til at landskapet rundt tiltaksområdet allereie er prega av inngrep og at noko redusert vassføring kan verke positivt for fisk, meiner departementet at tiltaket, med pålegg om slepp av minstevassføring, vil gi akseptable konsekvensar for landskapet.

Friluftsliv og andre interesser

I følgje miljøvurderinga i den opphavlege søknaden (Multiconsult, 2009) har tiltaksområdet liten verdi for fiske, bading og andre friluftinteresser. Ved eit eventuelt løyve vil det stillast krav om at elever og tilsette ved Palmafossen skule skjermast mot støy og sikrast mot farar under anleggsperiode og drift. Departementet vurderar at tiltaket vil ha akseptable konsekvensar for friluftsliv og andre brukarinteresser.

Naturmangfaldlova

Skjønnsutøvinga ved sakhandsaming etter vassressurslova må vere i tråd med prinsippa i naturmangfaldlova. Føresegnene i naturmangfaldlova §§ 8-12 vert lagt til grunn som retningslinjer ved departementet si handsaming etter vassressurslova, jf. naturmangfaldlova § 7. Omfanget av vurderingane skal tilpassast verdiane som kan bli råka av tiltaket.

Etter departementet si vurdering er det på bakgrunn av dokumenta i saken og opplysningar frå konsesjonshandsaminga god kunnskap om verdiane i vassdraget. Også verknadane av tiltaket vurderast som godt kartlagt. Departementet finn at krava til kunnskapsgrunnlaget i naturmangfaldlova § 8 er oppfylt.

I følgje søknaden sin rapport om biologisk mangfald (Miljøfaglig Utredning AS, 2008) er rødlistearten alm (*NT*) registrert langs nordsida av elva. Arten vil i følgje rapporten ikkje bli

påverka av tiltaket. Utanom laksefisk (og muliges ål), er det ikkje registrert naturtypar eller artar av høg verdi i tiltaksområdet. Departementet syner til vurderinga av konsekvensar for fisk ovanfor. Departementet har sett Palmafossen kraftverk i samanheng med andre påverknadar på naturmangfald i vassdraget og elles i regionen, og finner at den samla belastninga ved ei ombygging er akseptabel, jf. naturmangfaldlova § 10.

Departementet meiner at naturverdiane og moglege konsekvensar som følgje av opprusting og utviding av Palmafossen kraftverk ikkje er av ein slik karakter at føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 kan tilleggjast nemneverdig vekt.

Jamfør naturmangfaldlova § 11 skal tiltakshavar dekke kostnadane ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet som tiltaket forårsakar, dersom det ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter. I vassdragskonsesjonar gis det eit sett med vilkår der dette leggjast til grunn. I konsesjons- og klagehandsaminga er ulike løysingar til utbygging vurdert. Etter departementet sitt syn er miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar vurdert i tilstrekkeleg omfang, jf. naturmangfaldlova § 12.

Vassdragsvernet

Departementet syner til vurderingane over om tiltaket sine verknadar for dei enkelte interessene/fagtemaene. Departementet vurderar at redusert vassføring utgjer den mest vesentlege verknaden av tiltaket, og at det hovudsakeleg er landskapet som blir påverka. Ulempa for landskapet kan etter departementet sitt syn avbøtas tilstrekkelig med krav om slepp minstevassføring. Departementet legger i denne vurderinga vekt på at redusert vassføring i fossen kan ha positive verknadar for oppvandring av fisk i eit viktig nasjonalt laksevassdrag, og at tiltaksområdet allereie er tydeleg prega av inngrep.

4. Departementet sitt vedtak

Departementet vurderar at tiltaket under visse føresetnader vil gi større nytte av vassressursen og at miljøforholda i vassdraget totalt sett vil vere like gunstige som før ombygginga, jf. vassressurslova § 35 punkt 6. Det er i denne vurderinga lagt stor vekt på omsynet til verneverdiane, jf. § 35 punkt 8.

Med krav om avbøtande tiltak av omsyn til fisk og krav til slepp av minstevassføring, vil verknadene for verneverdiane i vassdraget etter departementet sitt syn vere akseptable. Krava vil medføre noko lågare kraftproduksjon enn omsøkt, men departementet vurderar likevel at *”fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interessar”*, jf. vassressurslova § 25 fyrste ledd.

Det gis konsesjon til utviding og opprusting av Palmafossen kraftverk på nærare fastsette vilkår.

Dette vedtaket kan ikkje påklagast, jf. forvaltningslova § 28, tredje ledd, fyrste punktum.

5. Departementet sine kommentarar til vilkår og andre forhold

Forholdet til anna lovverk

Forholdet til energilova

Kraftverket vil etter planen bli tilkopla Voss Energi sitt eige eksisterande 22 kV nett i trafokiosk ved Palmafossen skule ca. 120 m nordvest for kraftstasjonen. Leidningane vil bli lagt som kablar langs eksisterande gangveg. Da søknaden blei skriven var det ikkje ledig kapasitet i det overordna regionalnettet, som er eigd av BKK Nett AS. BKK Nett AS uttalte i høyringa av søknaden at det var søkt løyve for netttiltak som kunne gi nettkapasitet for ny produksjonsinnmating i mellom anna i Voss kommune. BKK Nett AS uttalte og at dei føreset at Voss Energi vurderar nettkapasitet i eget nett og overliggande nett for dette kraftverket, og at det gjennomførast naudsynte netttiltak basert på vurderinga før kraftverket eventuelt tillatast nettilknytning.

Verknadane av tilknytingslinja inngår i departementet si heilskapsvurdering av planane, og er ikkje avgjerande for konsesjonsvedtaket.

Departementet har ikkje gjort ein grundig vurdering av kapasiteten i nettet, og tiltakshavar er sjølv ansvarleg for at avtale om nettilknytning er på plass før byggestart. NVE vil ikkje handsame detaljplanar før tiltakshavar har dokumentert at det er tilgjengeleg kapasitet og at kostnadsfordelinga er avklart. Slik dokumentasjon må føreligge samtidig med innsending av detaljplanar for godkjenning, jamfør konsesjonsvilkåra post 4.

Forholdet til plan- og bygningslova

”Forskrift om saksbehandling og kontroll i byggesaker” gir saker som er underlagt konsesjonshandsaming etter vassressurslova fritak for byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova. Dette føreset at tiltaket ikkje er i strid med kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande reguleringsplanar. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan settast i verk.

Forholdet til forureiningslova

Det må søkjast til Fylkesmannen om naudsynt avklaring etter forureiningslova i anleggs- og driftsfasen. Departementet har ikkje myndigheit til å gi vilkår etter forureiningslova.

Forholdet til vassforskrifta

Etter vassforskrifta § 12 kan nye fysiske inngrep gjennomførast i ein vassførekomst sjølv om miljøtilstanden svekkast dersom:

” ...

- *alle praktisk gjennomførbare tiltak settes inn for å begrense negativ utvikling i tilstanden for vannførekomsten,*
- *samfunnsnyten av de nye inngrepene eller aktivitetene er større enn tapet av miljøkvalitet, og*
- *formålet med de nye inngrepene ikke med rimelighet kan oppnås kostnadseffektivt på andre miljømessig bedre måter.”*

Etter departementet sitt syn viser vurderingane av tiltaket i forhold til prinsippa i naturmangfaldlova at nye Palmafossen kraftverk har akseptable konsekvensar for vassmiljøet. Det er vidare fastsett pålegg om avbøtande tiltak for å redusere verknadane for fisk. Formålet med ombygginga er å auke produksjonen av fornybar elektrisitet og bidra til lokal sysselsetting og verdiskaping. Departementet meiner at fordelene utbygginga medfører ikkje kunne vært oppnådd så kostnadseffektivt på andre måtar miljømessig sett. Departementet vurderar vilkåra i vassforskrifta § 12 som oppfylt.

Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova:

Post 1: Vasslepp

Følgjande data for vassføring og slukeevne er henta frå konsesjonssøknaden:

Middelvassføring	m ³ /s	34,9
Alminneleg lågvassføring	m ³ /s	2
5-persentil sommar	m ³ /s	10,5
5-persentil vinter	m ³ /s	3,4
Største slukeevne	m ³ /s	30
Største slukeevne i % av middelvassføring	%	86
Minste driftsvassføring	m ³ /s	6

Det er søkt om løyve til ei utbygging med største slukeevne på 30 m³/s, som svarar til 86 % av middelvassføringa. Det er i revidert søknad foreslått slepp av minstevassføring på 8 m³/s i perioden 1. mai til 15. juni, 6 m³/s frå 15. juni til 1. oktober, og 2 m³/s resten av året.

Ei maksimal slukeevne lik 86 pst av middelvassføringa er stor til å vere i eit verna vassdrag. Dette prosjektet er likevel spesielt ved at redusert vassføring kan ha ein positiv effekt for oppvandrande fisk. Departementet meiner det kan gis løyve til omsøkte slukeevne med krav om slepp av noko meir minstevassføring enn omsøkt. Av omsyn til både opp- og nedvandring av fisk, og elva si verdi som lokalt landskapselement, fastset departementet at det skal sleppast ei minstevassføring på 10 m³/s i perioden 1. mai - 30. september, og 3,5 m³/s resten av året. Minstevassføringa skal fordelast mellom fiskepassasjer, fisketrapp og foss.

Opplegg for slepp av minstevassføring i fiskepassasjer og i fisketrapp skal byggje på løysingane i Sintef-rapporten. Detaljert opplegg for vasslepp skal planleggjast i samråd med fiskefagleg kompetanse og godkjennast av NVE som del av detaljplangodkjenninga. NVE kan godkjenne justeringar i fordelinga av vasslepp mellom fiskepassasjer, fisketrapp og foss/elv dersom omsynet til verneverdiane tilseier det. Det må søkast å finne løysingar for slepp av minstevassføring som bevarer elva si verdi som lokalt landskapselement.

Det skal etablerast ei måleanordning for registrering av minstevassføring. Tekniske løysing for dokumentasjon av slepp av minstevassføring skal godkjennast av NVE gjennom

detaljplanen. Data skal leggest fram for NVE på førespurnad og oppbevarast så lenge anlegget er i drift.

Dersom tilsiget er mindre enn kravet til minstevassføring, skal heile tilsiget sleppast forbi.

Ved alle stader med pålegg om minstevassføring skal det settes opp skilt med opplysningar om krav til vasslepp som er lett synleg for ålmennheita. NVE skal godkjenne merking, utforming og plassering av skilt.

Departementet presiserar at start-/stoppkjøring av kraftverket ikkje skal førekomme. Kraftverket skal kjørast jamt og i takt med tilsiget. Det gis ikkje løyve til regulering av Saurvatn. Dette er primært av omsyn til naturens mangfald og mogleg erosjonsfare, samt vassdraget sin status som verna vassdrag.

Post 4: Godkjenning av planer, landskapsmessige forhold, tilsyn m.v.

Detaljerte planar skal føreleggast NVE sitt regionkontor i Førde og godkjennast av NVE før arbeidet settast i gang.

Før utarbeiding av tekniske planar for dam og vassveg kan settast i gang, må søknad om konsekvensklasse for gitt alternativ vere sendt NVE og vedtak fatta. Konsekvensklassa er bestemmande for sikkerhetskrava som stilles til planlegging, bygging og drift og må derfor være avklart før arbeidet med tekniske planar startar. NVE sitt miljøtilsyn vil ikkje ta planar for landskap og miljø til handsaming før anlegget har fått vedtak om konsekvensklasse.

NVE vil ikkje godkjenne planane før det er dokumentert at det er tilgjengeleg kapasitet i nettet og at kostnadsfordelinga er avklart, jamfør merknadane under avsnittet "Forholdet til energilova".

Departementet synar og til merknadane i vilkåras post 6 nedanfor, om kulturminne.

Tabellen nedanfor søker å oppsummere føringar og krav som ligg til grunn for konsesjonen. Det kan likevel førekomme at det er gitt føringar andre stadar i dokumentet som ikkje er med i tabellen. Departementet presiserar at alle føringar og krav som er nemnt i dokumentet gjeld.

Departementet har gitt konsesjon på følgjande føresetnadar:

Inntak, vassveg og kraftstasjon	Som omsøkt.
Største slukeevne	30 m ³ /s. Største slukeevne kan ikkje aukast under detaljplan.
Minste slukeevne	6 m ³ /s.
Installert effekt	Inntil 3,6 MW.
Laks, sjøaure og ål	Tiltaket skal sørgje for sikker tovegs fiskepassasje etter skisserte løysingar i Sintef-rapporten. Detaljplanlegging av avbøtande tiltak skal gjerast i samråd med høg fiskefagleg kompetanse og godkjennast av NVE i

	<p>detaljplangodkjenninga.</p> <p>Inntaksrist (fiskesperre) skal ha lysopning på maksimalt 10 mm. NVE kan likevel godkjenne opptil 15 mm lysopning dersom det vurderast tilrådeleg.</p> <p>Vasshastigheita mot inntaksrist skal ikkje overstige 40 cm/s. NVE kan likevel godkjenne vasshastigheit opptil 50 cm/s dersom det vurderast tilrådeleg.</p> <p>Opp- og nedvandring av fisk skal overvakast. Tekniske løysingar og rutinar for rapportering av observasjonar skal planleggjast i samråd med Fylkesmannen og Miljødirektoratet, og endeleg godkjennast av NVE.</p> <p>Vinkling av inntaksrist, lysopning på grind framfor tunellutlaupet, sprenging av berg i fossen, utviding av kulp ved fossefot og inngang til laksetrapp, samt behov for omløpsventil må avklarast nærare av NVE gjennom detaljplangodkjenninga.</p> <p>Anleggsarbeidet skal utførast mest mogleg skånsamt for fisk.</p> <p>Konsesjonæren er ansvarleg for å byggje og drifte og halde laksetrappa i god funksjonell stand.</p>
Vegar	<p>Vegar skal byggjast i tråd med det som er oppgjeve i søknaden, men kan justerast i samband med detaljplan. Det skal leggjast stor vekt på å bevare trafikktryggleiken kring Palmafossen skule.</p> <p>Løyve til utvida bruk av avkjørsel frå fv. 307 til kraftverket må avklarast med Statens vegvesen.</p>

Det skal leggjast stor vekt på å tilpasse tiltaket til naturleg terreng og landskap. Dersom det ikkje er oppgjeve spesielle føringar i tabellen over kan mindre endringar godkjennast av NVE som del av detaljplangodkjenninga. Anlegg som ikkje er bygd i samsvar med konsesjon og/eller planer godkjent av NVE, slik som planlagt installert effekt og slukeevne, vil ikkje ha

rett til el-sertifikat. Dersom det er endringar skal dette gå tydelig frem ved oversending av detaljplanane.

Med mål om å optimalisere forholda for opp- og nedvandring av fisk, må konsesjonær pårekne pålegg frå NVE om mindre justeringar i tiltaket. Fordeling av slepp av minstevassføring mellom foss, fiskepassasjer og laksetrapp kan til dømes vere gjenstand for justering. Kostnadene ved pålagte justeringar skal stå i eit rimeleg forhold til miljøgevinsten.


Post 5: Naturforvaltning


Eventuelle pålegg i medhald av dette vilkåret må vere relatert til skadar forårsaka av tiltaket og stå i rimeleg forhold til tiltaket sin størrelse og verknadar.

Post 6: Automatisk fredete kulturminner

Departementet føreset at utbygger tar den naudsynte kontakta med fylkeskommunen for å avklare forholdet til kulturminnelova § 9 før innsending av detaljplan. Vi minner vidare om den generelle plikta om aktsemd med krav om varsling av aktuelle instansar dersom det støytast på kulturminne i byggefasen, jf. kulturminnelova § 8.

Med helsing


Lars Christian Sæther (e.f.)
avdelingsdirektør


Per Harald Sønstelid
seniorrådgivar

Vedlegg: Vilårssett

Kopi:

Voss Energi AS
Voss kommune
Hordaland fylkeskommune
Fylkesmannen i Hordaland
Miljødirektoratet
Palmafossen skule
Fagråd for anadrom laksefisk i Vossavassdraget
Øystein Tveita
Ivar K. Møen
BKK Nett AS
Statens vegvesen Region vest
Norges vassdrags- og energidirektorat

**Vilkår etter vannressursloven § 8 for tillatelse til opprusting og utviding av
Palmafossen kraftverk i Voss kommune gitt av Olje- energidepartementet
xx.xx.2015.**

1. Vannslipping

Det skal slippes en minstevannføring på 10 m³/s i perioden 1. mai - 30. september, og 3,5 m³/s resten av året. Dersom tilsiget er mindre enn kravet til minstevannføring skal hele tilsiget slippes forbi. Kraftverket skal i slike tilfeller ikke være i drift.

Kraftverket skal til enhver tid kjøres etter tilsiget, alle endringer skal skje gradvis, og typisk start-/stoppkjøring skal ikke forekomme.

Det skal etableres måleanordning for registrering av minstevannføring. Dataene skal forelegges NVE ved forespørsel.

2. Bortfall av konsesjon

Konsesjonen faller bort hvis ikke arbeidet er satt i gang senest fem år fra konsesjonens dato og fullføres innen ytterligere fem år jf. vannressursloven § 19 og vassdragsreguleringsloven § 12 nr. 1 tredje ledd. Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) kan forlenge fristen med inntil fem nye år. I fristene regnes ikke den tid som på grunn av særlige forhold (vis major), streik eller lockout har vært umulig å utnytte.

3. Konsesjonærs ansvar ved anlegg/drift m.v.

Konsesjonæren plikter å påse at han selv, hans kontraktører og andre som har med anleggsarbeidet og kraftverksdriften å gjøre, unngår ødeleggelse av naturforekomster, landskapsområder, fornminner m.v., når dette er ønskelig av vitenskapelige eller historiske grunner eller på grunn av områdenes naturskjønnhet eller egenart. Dersom slike ødeleggelse ikke kan unngås, skal rette myndigheter underrettes i god tid på forhånd.

4. Godkjenning av planer, landskapsmessige forhold, tilsyn m.v.

Konsesjonæren plikter å legge fram for NVE detaljerte planer med nødvendige opplysninger, beregninger og kostnadsoverslag for reguleringsanleggene. Arbeidet kan ikke settes i gang før planene er godkjent. Anleggene skal utføres solid, minst mulig skjemmende og skal til enhver tid holdes i full driftsmessig stand.

Godkjenning av planer og tilsyn med utførelse og senere vedlikehold og drift av anlegg og tiltak som omfattes av denne post er tillagt NVE. Utgiftene forbundet med dette dekkes av konsesjonæren.

Konsesjonæren plikter å planlegge, utføre og vedlikeholde hoved- og hjelpeanlegg slik at det økologiske og landskapsarkitektoniske resultat blir best mulig.

Kommunen skal ha anledning til å uttale seg om planene dersom det er avvik av betydning i forhold til det som fremgår av konsesjonssøknaden.

Konsesjonæren plikter å skaffe seg varig råderett over tipper og andre områder som trenges for å gjennomføre pålegg som blir gitt i forbindelse med denne post.

Konsesjonæren plikter å foreta en forsvarlig opprydding av anleggsområdene. Oppryddingen må være ferdig senest 2 år etter at vedkommende anlegg eller del av anlegg er satt i drift.

Hjelpeanlegg kan pålegges planlagt slik at de senere blir til varig nytte for allmennheten dersom det kan skje uten uforholdsmessig utgift eller ulempe for anlegget.

Ansvar for hjelpeanlegg kan ikke overdras til andre uten NVEs samtykke.

NVE kan gi pålegg om nærmere gjennomføring av plikter i henhold til denne posten.

5. Naturforvaltning

I

Konsesjonæren plikter etter nærmere bestemmelse av Miljødirektoratet

- a. å sørge for at forholdene i Raundalselva er slik at de stedegne fiskestammene i størst mulig grad opprettholder naturlig reproduksjon og produksjon og at de naturlige livsbetingelsene for fisk og øvrige naturlig forekommende plante- og dyrepopulasjoner forringes minst mulig.
- b. å kompensere for skader på den naturlige rekruttering av fiskestammene ved tiltak,
- c. å sørge for at fiskens vandringsmuligheter i vassdraget opprettholdes og at overføringer utformes slik at tap av fisk reduseres,
- d. å sørge for at fiskemulighetene i størst mulig grad opprettholdes.

II

Konsesjonæren plikter etter nærmere bestemmelse av Miljødirektoratet å sørge for at forholdene for plante- og dyrelivet i området som direkte eller indirekte berøres av utbyggingen forringes minst mulig og om nødvendig utføre kompenserende tiltak.

III

Konsesjonæren plikter etter nærmere bestemmelse av Miljødirektoratet å sørge for at friluftslivets bruks- og opplevelsesverdier i området som berøres direkte eller indirekte av anleggsarbeid og evt. regulering tas vare på i størst mulig grad. Om nødvendig må det utføres kompenserende tiltak og tilretteleggingstiltak.

IV

Konsesjonæren plikter etter nærmere bestemmelse av Miljødirektoratet å bekoste naturvitenskapelige undersøkelser samt friluftslivsundersøkelser i de områdene som berøres av utbyggingen. Dette kan være arkiveringsundersøkelser. Konsesjonæren kan også tilpliktes å delta i fellesfinansiering av større undersøkelser som omfatter områdene som direkte eller indirekte berøres av utbyggingen.

V

Alle utgifter forbundet med kontroll og tilsyn med overholdelsen av ovenstående vilkår eller pålegg gitt med hjemmel i disse vilkår, dekkes av konsesjonæren.

6. *Automatisk fredete kulturminner*

Konsesjonæren plikter i god tid før anleggsstart å undersøke om tiltaket berører automatisk fredede kulturminner etter kulturminneloven § 9. Viser det seg at tiltaket kan være egnet til å skade, ødelegge, flytte, forandre, skjule eller på annen måte utilbørlig skjemme automatisk fredede kulturminner, plikter konsesjonæren å søke om dispensasjon fra den automatiske fredningen etter kulturminneloven § 8 første ledd, jf. §§ 3 og 4.

Viser det seg i anleggs- eller driftsfasen at tiltaket kan være egnet til å skade, ødelegge, flytte, forandre, skjule eller på annen måte utilbørlig skjemme automatisk fredete kulturminner som hittil ikke har vært kjent, skal melding om dette sendes fylkeskommunens kulturminneforvaltning med det samme og arbeidet stanses i den utstrekning tiltaket kan berøre kulturminnet, jf. kulturminneloven § 8 annet ledd, jf. §§ 3 og 4.

7. *Ferdsel m.v.*

Konsesjonæren plikter å erstatte utgifter til vedlikehold og istandsettelse av offentlige vegger, bruer og kaier, hvis disse utgifter blir særlig øket ved anleggsarbeidet. I tvisttilfelle avgjøres spørsmålet om hvorvidt vilkårene for refusjonsplikten er til stede, samt erstatningens størrelse ved skjønn på konsesjonærens bekostning.

Konsesjonæren plikter i nødvendig utstrekning å legge om turiststier og klopper som er i jevnlig bruk og som vil bli neddemmet eller på annen måte ødelagt/utlignjengelige.

8. *Terskler m.v.*

I de deler av vassdragene hvor inngrepene medfører vesentlige endringer i vannføring eller vannstand, kan NVE pålegge konsesjonæren å bygge terskler, foreta biotopjusterende tiltak, elvekorreksjoner, opprensninger m.v. for å redusere skadevirkninger.

Dersom inngrepene forårsaker erosjonsskader, fare for ras eller oversvømmelse, eller øker sannsynligheten for at slike skader vil inntreffe, kan NVE pålegge konsesjonæren å bekoste sikringsarbeider eller delta med en del av utgiftene forbundet med dette.

Arbeidene skal påbegynnes straks detaljene er fastlagt og må gjennomføres så snart som mulig.

Terskelpålegget vil bygge på en samlet plan som ivaretar både private og allmenne interesser i vassdraget. Utarbeidelse av pålegget samt tilsyn med utførelse og senere vedlikehold er tillagt NVE. Utgiftene forbundet med tilsynet dekkes av konsesjonæren.

9. Hydrologiske observasjoner, kart m.v.

Konsesjonæren skal etter nærmere bestemmelse av NVE utføre de hydrologiske observasjoner som er nødvendige for å ivareta det offentlige interesser og stille det innvunne materiale til disposisjon for det offentlige.

De tillatte reguleringsgrenser markeres ved faste og tydelige vannstandsmerker som det offentlige godkjenner.

Kopier av alle karter som konsesjonæren måtte la oppta i anledning av anleggene, skal sendes Statens kartverk med opplysning om hvordan målingene er utført.

10. Registrering av minstevannføring, krav om skilting og merking

Det skal etableres en måleanordning for registrering og dokumentasjon av minstevannføring, løsningen skal godkjennes av NVE. Data skal fremlegges NVE på forespørsel og oppbevares på en sikker måte i hele anleggets levetid.

Ved alle reguleringsmagasin og steder med pålegg om minstevannføring skal det settes opp skilt med opplysninger om manøvreringsbestemmelser og hvordan dette kan kontrolleres. NVE skal godkjenne skiltene utforming og plassering.

De partier av isen på vann og inntaksmagasiner som mister bæreevnen på grunn av reguleringene og overføringene må markeres på kart på opplysningsskilt og merkes og sikres.

For alle vassdrag skal det etableres og opprettholdes hensiktsmessige sikringstiltak av hensyn til allmennhetens normale bruk og ferdsel på og ved anleggene.

11. Etterundersøkelser

Konsesjonæren kan pålegges å utføre og bekoste etterundersøkelser av tiltakets virkninger for berørte interesser. Undersøkelserapportene med tilhørende materiale skal stilles til rådighet for det offentlige. NVE kan treffe nærmere bestemmelser om hvilke undersøkelser som skal foretas og hvem som skal utføre dem.

12. Luftovermetning

Konsesjonæren plikter i samråd med NVE å utforme anlegget slik at mulighetene for luftovermetning i magasiner, åpne vannveger og i avløp til elv, vann eller sjø blir minst mulig. Skulle det likevel vise seg ved anleggets senere drift at luftovermetning forekommer i skadelig omfang, kan konsesjonæren etter nærmere bestemmelse av NVE bli pålagt å bekoste tiltak for å forhindre eller redusere problemene, herunder forsøk med hel eller delvis avstengning av anlegget for å lokalisere årsaken.

13. Varslingsplikt

Konsesjonæren plikter å varsle NVE om navne- og/eller adresseendringer. Ved eventuell overdragelse av anlegget skal NVE godkjenne overdragelsen i forkant.

14. Kontroll med overholdelsen av vilkårene

Konsesjonæren underkaster seg de bestemmelser som til enhver tid måtte bli truffet av Olje- og energidepartementet til kontroll med overholdelsen av de oppstilte vilkår. Utgiftene med kontrollen erstattes det offentlige av konsesjonæren etter nærmere regler som fastsettes av Olje- og energidepartementet.

For å sikre at vedtak i medhold av vannressursloven blir gjennomført, kan den ansvarlige pålegges tvangsmulkt til staten, jf. vannressursloven § 60. Pålegg om mulkt er tvangsgrunnlag for utlegg. Når et rettstridig forhold er konstatert kan det gis pålegg om retting og om nødvendig pålegges stans i pågående virksomhet, jf. vannressursloven § 59.

Overskrides konsesjon eller konsesjonsvilkårene eller pålegg fastsatt med hjemmel i vannressursloven kan det ilegges overtredelsesgebyr, eller straff med bøter eller fengsel inntil tre måneder, jf. vannressursloven §§ 60a og 63 første ledd bokstav c.